

ORDENSREGLEMENT FOR SKULANE I VINDAFJORD

1. Lovheimel

Ordensreglementet er heimla i

1. Opplæringslova, § 9A-10:

"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast."

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §2-9 til kommunedirektøren, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

2. Opplæringslova §9A-2:

"Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring"

2. Verkeområde

Ordensreglementet gjeld i skuletida, på skulevegen og ved tilstellingar under leiing av skulen.

Punkt 1-7 gjeld for alle skulane i Vindafjord. Den einkilde skulen kan i tillegg ha utfyllande reglar, tilpassa lokale tilhøve. Dette har punkt nr. 8.

3. Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne på skulen.

Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

4. Undervisningssituasjonen

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

5. Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

6. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet

1. Irettesetjing

2. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert når merknad blir sett.

3. Samtale med elev og foreldre / føresette.

4. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.

5. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar. Jmfr. Opplæringslova §9A-11:

"Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen."

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.”

På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter, jmf. p 7.

7. Vurdering i orden og åtferd

Vurdering i orden og åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og åtferd i heile opplæringsløpet. I ungdomsskulen blir det i tillegg sett karakter i orden og åtferd, jmf. Forskrift til Opplæringslova §3-6.

Kriteria for dei ulike karakterane er sette slik her i kommunen:

Orden

Karakteren "god":

Ein elev som utan kommentar får denne karakteren, har få brot på ordensreglane, viser god arbeidsinnsats og kjem førebudd og presis til timane.

Karakteren "nokså god":

Ein elev som får denne karakteren har fleire ulike brot på ordensreglane *eller* stadig gjentekne like brot *eller* dårleg arbeidsinnsats *eller* ofte for seint til timane *eller* for seint eller ikkje levert arbeid.

Karakteren "lite god":

Karakteren blir gitt dersom det er ein elev som har gjentekne brot på ordensreglementet, leverer sjeldan, har ulovleg fråvær. Det er då snakk om merknader mest kvar veke.

Åtferd

Karakteren "god":

Karakteren blir gitt til elevar som viser ei normal grei åtferd mot medelevar og vaksne.

Karakteren "nokså god":

Denne karakteren kan ein elev få dersom han har to eller fleire alvorlege episodar mot medelev eller lærar *eller* generell dårleg åtferd mot medelev (erting, kommentarar, tydeleg negativ kroppsspråk) *eller* generell dårleg åtferd mot vaksne på skulen (frekke kommentarar, negativt kroppsspråk, uro i timar, nekting), *eller* juks, uærlig framferd, *eller* røyking eller bruk av rusmidlar.

Karakteren "lite god":

Denne karakteren blir gitt dersom det er ein elev som generelt viser liten vilje til å visa normal åtferd, ikkje rettar seg etter påtale og som treng påminning om rett åtferd mest kvar veke.